

Mal for utdanningsplaner i Helse Vest

Utdanningsvirksomheten skal sørge for at utdanningen av legespesialister skjer innen faglige forsvarlige rammer og på en måte som sikrer tilstrekkelig kvalitet og gjennomstrømning i utdanningsløpet. Det skal lages en **overordnet utdanningsplan** for den enkelte spesialitet som angir hvordan virksomheten vil sikre at leger i spesialisering kan oppnå læringsmålene. Formålet med den overordna utdanningsplanen for hver av spesialitetene er å beskrive oppbygning og rekkefølge for hele utdanningsløpet i spesialiteten, inkludert spesialiserings-/suppleringsstjeneste.

Forskriften stiller tydelige krav til hva utdanningsplanen skal inneholde. Helse Vest har laget en mal for hvordan utdanningsplanen skal utformes. De ulike planene vil bli publisert på Helseforetakenes nettsider og vil være tilgjengelige for 1) spesialitetskomiteene som skal godkjenne og vurdere utdannings-virksomhetene og 2) for LIS som skal søke jobb.

Utdanningsplanene skal oppdateres årlig.

Utdanningsplan spesialitet Plastikkirurgi, HUS

Publisert juni 2019

Skildring av utdanningsverksemda

Avdelinga tilbyr utgreiing og behandling innan eit stort spekter av plastikkirurgiske problemstillingar og dekker dei fleste greinområder av faget. Avdelinga er ei høgspesialisert avdeling der mykje av behandlinga er organisert innan subspecialiserte fagområder. Avdelinga har subspecialiserte behandlingsteam for handkirurgi, leppe-kjeve-ganespalter, malignitetskirurgi, mammakirurgi og rekonstruktiv mikrokirurgi, i tillegg til eigen landsdekkande avdeling for brannskadar. Utdanninga har som målsetting å føre fram til ein brei plastikkirurgisk kompetanse og er difor organisert som teneste i rotasjon mellom dei ulike behandlingsteama.

Den kliniske tenesta er samansett av poliklinikk, avdelingsarbeid, operasjonar og vaktteneste. Avdelinga har sengepost med 11 senger og Nasjonale behandlingsteneste for avansert brannskadebehandling (Brannskadeavdelinga) med 5 senger. Poliklinisk verksemd omfattar både kring 11000 konsultasjonar og 2500 operasjonar årleg. I tillegg har avdelinga nær 300 dagkirurgiske operasjonar og 900 operasjonar for inneliggjande pasientar årleg.

Gjennom heile utdanningsløpet vil ein verte eksponert for både subspecialiserte problemstillingar og meir generelle plastikkirurgiske problemstillingar. Vakttenesta er felles for heile det plastikkirurgiske

fagområdet og er delt i to vaksjikt med LIS/legespesialist i forvakt og Overlege i bakvakt. Både forvakt og bakvakt har heimevakt på natt.

Skildring av utdanningsløpa

LIS2-delen er felles 2-årig basisutdanning for kirurgiske fag og er organisert som rotasjonsteneste ved dei kirurgiske avdelingane i Kirurgisk klinikk og ein har i denne tida kirurgisk vaktteneste (44- eller 45-vakt) i kirurgisk avdeling.

LIS3 løpet for plastikkirurgisk spesialistutdanning har normert varigheit av 3år. I løpet av desse 3 åra vil hovuddelen av utdanninga (24 månader) vere lagt til Avdeling for plastikk-, hand-, og rekonstruktiv kirurgi og Brannskadeavdelinga. I denne delen av utdanninga vil ein ha planlagde rotasjonar innan dei subspecialiserte behandlingsteama på avdelinga (Brannskade, Hand, Leppe-kjeve-ganespalte, Malignitet, Mamma, Mikro) og delta i avdelingsspesifikk vakt.

Resterande 12 månader av utdanninga vil vere eit planlagt utdanningsopphald på 6 månader ved OUS for å oppnå læringsmåla innan sentraliserte fagområder som kraniofasciale misdanningar, vaskulære og lymfatiske malformasjonar, rekonstruktiv kirurgi for facialispareser og kjønnsbekreftande kirurgi, og 3 månader ved privat institusjon for å oppnå delar av læringsmåla innan estetisk og postbariatrisk kirurgi. Ved utdanningsopphaldet ved OUS vil ein vere mellombels tilsett ved OUS og inngå i avdelingspesifikk vakt og rotasjonsordningar der. Ved teneste i privat institusjon vil ein ha vakter ved avdelinga på HUS og ha delt dagtidsarbeid mellom den private institusjonen og avdelinga.

Tidleg i spesialiseringsløpet vil ein ha fokus på eksponering for basisferdigheiter og grunnleggjande vaktkompetanse. Læringsmåla under PLA001-PLA032 vil verte lagt spesielt vekt på i denne tidlege fasen og poliklinisk operasjonsaktivitet vil vere ein fokusert læringsarena. Ved rotasjonar til kvart team vil ein følgje teamspesifikk utdanningsplan, og tilhøyrande læringsmål, med tilrettelagt opplæring og klinisk tenestegjering. Kvart team vil ha ulik vekt på poliklinikk, sentraloperasjon og postarbeid som tenestestad og læringsarena, men legg opp til gradvis oppbygging av fagspesifikk kompetanse og tekniske ferdigheiter.

Introduksjon av nye LIS

Nytilsett LIS vil få naudsynt opplæring i avdelingsrutinar før ein vert sett til sjølvstendige arbeidsoppgåver. Avhengig av kompetansenivå og tidlegare erfaring, vil ulike e-læringsmodular og spesifikk opplæring verte lagt til rette

for. LIS inngår i vaktrotasjon som plastikkirurgisk forvakt. Det vert som rutine sett opp følgjevaker saman med meir erfaren LIS for nytilsette.

Supervisjon, rettleiing og fagleg utvikling.

LIS vil i heile utdanningsløpet få supervisjon og rettleiing frå overlegane i avdelinga. I tillegg skal kvar LIS få tildelt ein overlege som rettleiar gjennom heile utdanningsløpet. Det teamet der LIS til ei kvar tid tenestegjer er ansvarleg for å sikre fagleg progresjon for LIS i høve teamet sitt planlagde utdanningsløp og LIS sin individuelle utdanningsplan. Dagleg supervisjon og rettleiing vil gå føre seg i kvart team, og det vert i tillegg lagt til rette for regelmessige samtalar med rettleiar og tid til fagleg fordjuping, samt deltaking i simuleringsaktivitetar, kurs og faglege møter. LIS skal gjennom heile utdanninga få erfaring med interdisiplinært samarbeid og MDT-møter i relasjon til det teamet ein er i rotasjon ved. Fagleg utvikling skal fortløpande evaluerast av LIS sjølv i samarbeid med rettleiar, teamet der ein tenestegjer og tilbakemeldingar overlegekolleiet.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Oppnådde læringsmål og utførte kirurgiske prosedyrar skal fortløpande registrerast av LIS i Kompetanseportalen. Når læringsmål og prosedyrekrav er registrert oppnådd av LIS, skal LIS sende dei til signering hjå teamleiar for det teamet som er tildelt ansvaret for det aktuelle læringsmålet. Læringsmål utan spesifikk teamtildeling skal godkjennast av rettleiar eller utdanningsansvarleg overlege. LIS har vidare ansvar for å føre referat frå rettleiingssamtalar og sende til godkjenning hjå rettleiar.

Teoretisk undervisning

Den planlagde internundervisinga i avdelinga går føre seg ved 45min undervising kvar tysdag og fredag (min 70timar/år) i alle veker utanom ferieavvikling. Det er obligatorisk for alle LIS å delta på denne undervisinga og dei skal sjølv delta aktivt i undervisingsopplegget. Undervisinga følgjer oppsett målplan der alle teoretiske læringsmål for spesialistutdanninga vert gjennomgått gjennom ein fast, rullerande 3-årig læreplan. Mesteparten av undervisinga vert gjennomført som teoretisk undervising, men deler av denne undervisinga vil også vere meir teknisk praktisk retta med bakgrunn i teoretiske gjennomgangar.

LIS følgjer dei obligatoriske kursa i høve individuell utdanningsplan som i utgangspunktet følgjer teamtenesta (angjeve i parentes under).

- Nordiske kurs
 - Kurs 1: Rekonstruktiv plastikkirurgi og misdanningar (LKG)
 - Kurs 2: Rekonstruktiv plastikkirurgi ved traumer og sår (BSA/Hand)
 - Kurs 3: Rekonstruktiv plastikkirurgi og cancer (Malignitet)
 - Kurs 4: Rekonstruktiv plastikkirurgi og estetisk kirurgi (Mamma)
- Mikrokirurgi (Mikro)
- Overekstremitetskirurgi (Hand)
- Emergency Management of Severe Burns (BSA)
- Administrasjon og leiing (Siste halvår av spesialisering)

Obligatoriske kurs utgjer 2-3 kurs per LIS per år. Kursdeltaking utover dei obligatoriske kursa kan difor ikkje påreknast, men kan verte aktuelt etter tilråding frå aktuelle team der LIS er i rotasjon og/eller frå utdanningsansvarleg overlege/avdelingsleiar. Ekstra kursaktivitet må evt. førehandgodkjennast av avdelingsleiar.

Felles kompetansemål (FKM)

Dei felles kompetansemåla innan område som etikk, kommunikasjon, kunnskapshandtering, kvalitet og pasientsikkerheit, lovver og organisasjonsutvikling vert kontinuerleg undervist gjennom heile den kliniske praksisen under supervisjon og gjennom fortløpande rettleiingssamtaler med tildelt rettleiarar ved avdelinga. Det vil også verte gjennomført spesifikke grupperettleiing med teoretisk og praktisk førebuing som del av den planlagde undervisinga. LIS skal også delta i forbetningsarbeid ved avdelinga som del av utdanningsløpet. Dette kan t.d. vere utarbeiding av nye faglege retningsliner eller gjennomføring av eit spesifikt fagprosjekt innan pasientsikkerheit, samhandling eller behandlingrutinar. Forbetningsarbeidet skal vere førebudd i samråd med rettleiar og vere mogleg å gjennomføre innan rimelege tidsrammer. Kurs i administrasjon og leiing bidreg til å nå læringsmål innan organisasjonsforståing og leiing, og er obligatorisk del av alle spesialiseringssløp.

Utdanningsutval og utdanningsansvarleg overlege

Utdanningsutvalet har åtte faste medlemmer etter følgjande samansetting:

- Utdanningsansvarleg overlege – Leiar
- Avdelingsoverlege Brannskadeavdelinga
- Teamleiar Hand
- Teamleiar Leppe-kjeve-ganespalte
- Teamleiar Malignitet
- Teamleiar Mamma
- Teamleiar Mikro
- YLF-tillitsvald

Utdanningsansvarleg overlege har det overordna ansvaret for spesialistutdanninga i avdelinga og skal sørge for at LIS får tildelt rettleiar, får utarbeidd ein godkjend utdanningsplan og følgjer planlagt utdanningsprogresjon. Teamleiarane er ansvarlege for utdanningsopplegget ved LIS-rotasjon til deira team og har såleis det daglege ansvaret for at utdanninga vert gjennomført etter oppsett plan.

Forskning

Avdelinga vil leggje vekt på akademisk forståing som integrert del av utdanningsløpet mot klinisk spesialitet. Grunnleggjande forskingsforståing vil verte undervist i internundervisinga og gjennom eigen vitskapleg grupperettleiing for LIS. Avdelinga har for tida fire overlegar med PhD. LIS vert oppmoda til å delta i pågåande forskingsaktivitetar ved avdelinga. LIS med interesse for forskning vil kunne få tilrettelagte kompetanseløp mot PhD etter nærare avtale med avdelinga.

Individuell utdanningsplan

Ved tilsetjing vil det verte utarbeidd ein individuell utdanningsplan for LIS. Planen syner kva LIS skal gjennomføre (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaar), basert på kvar i utdanningsløpet LIS startar. Den individuelle utdanningsplanen vert utarbeidd av LIS i samarbeid med rettleiar og utdanningsansvarleg overlege og skal verte godkjend av avdelingsleiar.

Simulering og ferdigheitstrening

Avdelinga gjennomfører tilrettelagt, teknisk ferdigheitstrening ved patologisk avdeling og ved ferdigheitssenteret. Som del av undervisingsopplegget for LIS vert det gjennomført læringsaktivitetar innan rekonstruktiv lappekirurgi, mikrokirurgi og handkirurgi.

Tillitsvalde

YLF-tillitsvald frå avdelinga er representert i avdelinga sitt utdanningsutval og er der ansvarleg for å ivareta LIS-gruppa sine spesifikke interesser i utforminga av utdanningsløp og læringsaktivitetar.

Kontakt

For spørsmål om spesialistutdanninga, ta kontakt med utdanningsansvarleg overlege eller avdelingssjef.